

# **Samarbeidsavtale om frivillig arbeid i Europa (EVS)** **mellom Oppfølgingstenesta (OT) og** **Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA)**

Gjeld i perioden 01.01.2017 – 31.12.2017 og reviderast i januar 2018.

Mål for samarbeidet: fordeling av ansvar i forhold til tilbudet om frivillig arbeid i Europa (EVS: European Voluntary Service).

Målgruppe: ungdom (17-21 år) i Hordaland med lovfesta rett til vidaregåande opplæring utanfor arbeid og opplæring

Forankring:

- Opplæringsloven, forskrift om oppfølgingstenesta kapittel 13
- Opplæringsavdelinga - OT sin strategi og handlingsplan
- Regional planstrategi - Eit inkluderande samfunn
- Internasjonal strategi: *Mål B*: Det internasjonale arbeidet skal bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.

---

## **1. Informasjon til ungdom**

FIA sendar med jamne mellomrom ut konkrete EVS-tilbod til OT.

OT fortell ungdom om EVS-tilbodet og opprettar kontakt med FIA når ein ungdom viser interesse.

OT inviterer FIA til #Gameplan for å informere om konkrete EVS tilbod, gjerne i lag med ein eks-volontør.

FIA har uforpliktande samtale(r) med interessert ungdom. FIA held OT orientert om status.

Vi drøfter og evaluerer alternative informasjonskanalar.

OT kan sjølv ta direkte kontakt med FIA dersom ein ungdom viser interesse for eit spesielt tema/fagfelt eller land/by

## **2. Førebu ungdom**

OT og FIA har minst eit møte saman med ungdommen der vi diskuterer:

- SWOT analyse/ kartlegging
- Diskutere læringsmål (Youthpass) og lage plan for læring
- Diskutere spesielle behov og tilrettelegging

Ungdom under 17 år: OT og FIA må saman gå god for at ein mindreårig blir sendt ut som volontør. OT og FIA har minst eit møte med foreldre, der foreldresamtykke vert underteikna.

Ved behov: kommunikasjon mellom OT og FIA for å førebu prosjektet best mogleg.

### **3. Prosjektadministrasjon**

FIA har ansvar for å søke om EU-midler, bestilling av flybilletter, teikne ulykkesforsikring, avreiseseminar («EVS pre-departure training») og andre praktiske førebuingar.

FIA finner gode vertsorganisasjonar i Europa. OT er med på kvalitetssikring av tilbodet, mellom anna kopling til læreplanen.

### **4. Under EVS opphaldet**

FIA held kontakt med ungdom og vertsorganisasjon. Statusformidling til OT-rådgjevar undervegs.

Dersom det er utfordringar og behov for bistand, tek FIA kontakt med OT-rådgjevar. OT er rådgjevar og samtalepartner for FIA der det er behov. Der det er ønskeleg kan det opprettast kontakt mellom FIA, OT og vertsorganisasjon i utlandet for å diskutere vegval og oppfølging av ungdommen.

### **5. Etter EVS opphaldet**

Sluttevaluering:

FIA kallar inn ungdom og OT-rådgjevar.

- FIA legger evalueringsskjema inn i Survey Xact
- FIA sender link til digital evaluering til OT rådgjevar
- FIA sender link til digital evaluering til ungdom.
- FIA sender link til vertsorganisasjon

Diskutere læringsmål/evaluere plan for læring

OT følgjar ungdommen opp vidare.

### **6. Dialog undervegs mellom parter**

OT peikar ut ein kontaktperson som er med på å utvikle og kvalitetssikre dette tilbodet.

OT-kontaktpersonen og FIA har månadlege samarbeidsmøter:

- FIA gir statusrapport og fortell om nyhende
- OT-kontakten diskuterer EVS tilbodet med kollegar, fangar opp erfaringar/utfordringar/idear
- OT-kontakten og FIA kontakten gir innspel til forbetringar av rutinar.
- Diskutere behov til OT og OT-ungdomar, for eks. kva slags type prosjektarbeid blir etterspurt, risikoanalyse, korleis synleggjøre tilbodet betre, etc.